

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 26. september 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Nytt opplæringsfartøy - status og vidare arbeid

Fylkestinget vedtok i sak 31/18 Økonomiplan 2019-2022 å setje av ei løyving i 2019 på 100 mill. kr eks. mva til nytt opplæringsfartøy. I saksutgreiinga heiter det m.a.:

«Alle driftskonsekvensar for fylkeskommunen i høve det prosjekterte opplæringsfartøyet er enno ikkje ferdig utgreidde . Det er såleis for tidleg å justere ramma til opplæringssektoren i høve dette.

Kapitalkostnaden knytt til ei investering på 100 mill. kr, med utgangspunkt i tilrådd finansieringsplan, er berekna til å bli om lag 2,5 mill. kr. Kapitalkostnaden samt tilrådd inndekking vert innarbeidd i økonomiplanen.

Vidare heiter det:

«Det er førebels lagt til grunn at fylkeskommunen kjøper/byggjer båten sjølv og vert eigar av denne. Ved å eige båten sjølv, vert det føresett at vi får kompensert meirverdiavgifta knytt til investeringa.

Fylkesrådmannen legg opp til ei eiga sak til fylkestinget til hausten om nytt opplæringsfartøy som m.a. vil omtale :

- Tilråding av type båt /teknologi
- Vurderingar kring eigarskapen av nytt opplæringsfartøy
- Årlege driftskostnader
- Medfinansiering frå fiskerinæringa og andre samarbeidspartar.»

Fylkesrådmannen gav ei munnleg orientering om saka i fylkesutvalet 20. juni 2018. I møteboka heiter det om saka:

«Fylkesrådmannen orienterte om nytt opplæringsfartøy og at administrasjonen jobbar vidare med den løysinga som vart presentert på politikardagen 30. mai. Fylkesutvalet hadde ikkje merknader til dette.»

På møtet i fylkesutvalet hadde fylkesrådmannen intensjon om å leggje fram sak om nytt opplæringsfartøy for fylkestinget i oktober 2018. Fylkesrådmannen ser no at arbeidet ikkje er kome langt nok til å fremje saka på dette tidspunktet. Fylkesrådmannen vil difor leggje fram saka for fylkestinget i desember 2018.

Dette til fylkesutvalet si orientering.